



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

21.12.2020

Vår ref:

2020/18725

Dykkar dato:

09.12.2020


Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 1/303 - Flatøy - oppføring av bryggje - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen dater 09.12.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå PBL §1-8 og frå planføremål i sjøen – fiske for oppføring av mindre bryggje 4,2x2 meter. I kommuneplanen sin arealdel for Meland er området definert som føremål bustad på landet og som fiskeføremål KL-fiske for areal i sjøen. Tiltaket kjem i konflikt med avsett byggjegrense mot sjøen stipla med grått. Fylkesmannen meiner tiltaket heller ikke er i samsvar med føremål bustad eller KL-fiske. Området er også regulert i ein eldre reguleringsplan (Flatøy Vest) som jordbruk. Kommuneplanen går føre ved motstrid.



Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen eller reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.



Tidlegare Meland kommune ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, der arealpresset er stort. Vi viser til Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) der det mellom anna står:

«Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsoneforvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandlingen av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress»

Dette er eit område med stort utbyggingspress og det er viktig å bevare dei urørte områda. Den omsøkte bygga skal festast i berg som er ubygdi i dag. Sjølv om det er brygger både nord og sør for omsøkt brygge, vil eit nytt tiltak her auke privatiseringa og auke graden av bygd strandsone.

Fylkesmannen er også uroa for uheldig presedensverknad ein dispensasjon i denne saka kan få for liknande saker. Vi kan ikkje sjå at det føreligg nokon særlege tilhøve som ikkje kan gjerast gjeldande i mange andre saker. Fylkesmannen meiner at ein må prøve å finne fellesløysingar, heller enn at kvar eigedom skal ha si brygge, jf. statlege planretningsliner for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Dette er eit arbeid som bør gjerast i arbeid med kommuneplanen.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til bryggje i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndighet har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN